




Månadsbrev desember 2020

November vart ein god arbeidsmånad, med innslag av *Morgengry* der 1982 skular i heile Norden las ei felles bok høgt og 1.-4. klasse har kost seg på Pippi-dag. Besøk frå den kulturelle skulesekken vart avlyst, men BlimE-dansen var alle med på, og vart lagt ut både på NRK og kommunen si heimeside.

Elevundersøkinga har 100% oppslutnad, ikkje så rart når ein gjennomfører i ein skuletime, medan lærarundersøkinga er oppe i 70% svar. Førebels er det 31% av de foreldre som har svart, men fortvil ikkje, de kan svara heilt til 2. desember, eller kanskje 5.! I år prøver me oss på svar for kvar enkelt elev, så er det nokon som har to eller tre barn, får dei ein eller to e-postar, og så får de diskutera kven vaksen som skal svara for kva for eit barn om de bur saman med nokon.



Ikkje alle elevane forstod med ein gong kvifor ein må ha både refleksvest og reflekstrekk på sekken, men nå viser alle godt att i mørkret! Juletreet viste òg att i november, for det tende me i år fredag før 1. sundag i advent. Adventstida vert markert klassevis i år med m.a. høgtlesing, aktivitetskalender og omvendt julekalender til Bahati house.



Det vert onsdagsskule 16. desember, og om smittesituasjonen ikkje endrar seg, satsar me på juletrefest i år òg, om enn litt annleis. Den blir torsdag 17. desember, og truleg for småskuletrinnet først, og så for mellomtrinnet. Sidan me ikkje kan vera samla meir enn 50 om gongen, vert det berre elevar, foreldre og lærarar på det aktuelle trinnet, underhaldning, allsang og besøk av nissen - som i år har pakka alle nissepakkane sjølv. Meir informasjon kjem etter kvart. 18. desember blir det julegudsteneste på Kvæven, og 1.-4. klasse fortset med juleverkstad etterpå, medan 5.-7. har sin juleverkstad måndag 21. desember.

Og så var det juleferie...! Me møttest att måndag 4. januar.

Med ynskje om ei fredfull og frisk julehelg!

Sinnes 01.12.20, Åse-Berit

